

Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019

Fylkesordføreren gav slikt svar:

«I samband med interpellasjonen vart det frå interpellanten Terje Kollbotn (R) sett fram slikt forslag til oversending:

«Hordaland fylkeskommune vedtok i høyringa til Nasjonal transportplan 2018-29 å prioritere K5-konseptet med samla kontinuerleg utbygging av strekninga Arna-Voss med både veg og bane. Vidare støtta fylkestinget utbygging av Ringeriksbanen. Til saman vil desse to innkortingane gje ei reisetid mellom Oslo og Bergen på om lag 4,5 time. Med andre utbetringar både på høg fjellstrekninga og i Hallingdal som gjer langt høgare hastigheit på banen, vil visjonen om Bergensbanen på under 4 timar mellom Bergen og Oslo kunne realiserast. Reisetida på Bergensbanen vil med dette bli konkurransedyktig både med fly og bil.

I pågåande NTP-rullering for perioden 2022-33 er det mange store prosjekt som vi må arbeide for å få på plass. Det gjeld ny bymiljøavtale der staten tek eit større ansvar for utbygging av infrastruktur for kollektivtrafikk i byane. Og vi har ei rekkje store vegprosjekt som vi har prioritert, som E39, E16 og E134.

I samband med pågåande NTP-rullering har regjeringa vist til Perspektivmeldinga, som viser at handlingsrommet framover i norsk økonomi er avgrensa. Vi kan ikkje forvente like stor vekst i rammene til NTP frametter som det har vore til no.

Ut i frå dette meiner eg at vi må halde fast på våre prioriteringar og ikkje spreie oss ytterlegare utover. Ei støtte til lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli kan skape tvil om at vi prioriterer Bergensbanen. Eg minner på at i førre NTP-runde blei vi skulda for at vi ikkje prioriterte.

Eg kan på dette grunnlag ikkje arbeide for tilslutning til lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli.»

Kolbotn trekte sitt forslag til vedtak framsett i interpellasjonen.

I samband med interpellasjonen vart det frå interpellanten Terje Kollbotn (R) sett fram slikt forslag til oversending:

«Forslaget om tilslutning til Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli (interpellasjon FO 11/19) vert oversendt til utval for miljø og samferdsel, og blir handsama etter ein presentasjon frå Lyntogforum.»

Røysting

Det var 54 representantar til stades.

Kollbotn sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt.